



Nils Markus Bakke
Fjellangersvingane 147
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7055 - 15/38138

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
22.12.2015

Bakkeplanering på gbnr 103/2 Fjellanger

Dokument i saka :

- Søknad om godkjenning av ferdigstillingsprosjekt, motteke 14.10.2015
- Kart 1:1200 og profilar
- Uttale om avkøyrsløse frå Statens Vegvesen, 16.06.2015
- Kulturminnefagleg fråsegn frå Hordaland Fylkeskommune, 02.11.2015
- Rapport frå Rådgivande Biologar (Tiltak for å hindra forureining), 16.11.2015
- Fråsegn frå Fylkesmannen i Hordaland

Saksfakta :

Nils Markus Bakke, eigar av gbnr 103/2, søker om ferdigstilling av eksisterande stein- og jorddeponi på eit 25 dekar stort areal på eigedomen sin . Arealet er skissert i vedlagt kart.

I følgje vedlagte profilar vil planeringsprosjektet ha ein maksimal fyllhøgde på 7-8 meter ved ferdigstilling av tippen. Ein anslår gjennomsnittleg påfyllingshøgde til 4 meter. Altså vil det utgjere eit volum på 100 000 m³ ved ferdigstilling av tippen.

Det er bygd ein steinvoll i søraustleg ende av det omsøkte området. Dette for å demme opp / avgrense arealet for tippen.

Formålet med det omsøkte tiltaket er å auka fôrgrunnlaget på garden.

Lovverk :

Saka skal handsamast etter forureiningsforskrifta som har som formål å unngå forureining frå tiltaket. Vidare skal saka handsamast etter nydyrkingsforskrifta og naturmangfaldlova. Søklar må sjølv søkja Statens Vegvesen om løyve til avkøyrsløse frå Rv 57 for jordtippaktiviteten.

Vurdering :



Forureiningsforskrifta

Forureiningsforskrifta kapitel 4 har som formål å hindra, begrensa eller stansa forureining/erosjon frå planeringsfelt. Forskrifta definerer bakkeplanering/planeringsfelt som brattlendt eller kupert dyrkbart og tidligere dyrka areal skikket for maskinell jordbruksdrift. Det vert rekna som planering etter dette kapitlet når det vert forflytta massar som berøre eit areal på minst 1,0 dekar.

Eitkvert anlegg (eksisterende og nye) må være utforma slik at det ikkje oppstår forurensning. Alle planeringsfelt skal vera utført i samsvar med «Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt» fastsett av Landbruksdepartementet.

Eigar av arealer som vert planert, er ansvarlig for at bestemmene i dette kapitlet med tilhøyrande retningslinjer vert etterfulgt.

Det er viktig å understreka at det berre er reine massar som kan tilkøyrast jordtippen. Det vil seie jomfruelege jord- og steinmassar med innhald under normverdien i forureiningsforskrifta. Altså skal det ikkje tilkøyrast til dømes avfall som betong, asfalt, takstein, glas, byjord eller andre ureina jordmassar. For å sikra dette vert det stilt krav om mottakskontroll. Det er grunneigar som har det overordna ansvaret for at mottakskontrollen fungerer og at det ikkje vert tilkøyrd ureine massar.

Skal ein ta imot myrjord er det viktig at den vert handtert på ein fornuftig måte med tanke på det høge vassinnhaldet. Det høge innhaldet av organisk materiale og vatn kan gje sur avrenning og jernutfelling.

Det er ikkje hus/hytter i nærleiken av tippen. På godt og vondt. At tippen ligg nær veg og samstundes vekk frå busetnad gjer at det er viktig med bom som kan stengast inn til tippen. Elles er risikoen høg for at ubedne gjestar vil nytta jordtippen til bossfylling eller til tipping av ureine massar. På ei anna side vert ikkje naboar forstyrra av aktivitet ved tippen – støv, støy m.m. På bakgrunn av dette ser ein ikkje behovet for å varsle naboar om det omsøkte tiltaket.

Rådgivande Biologar kjem med fleire avbøtande tiltak mot forureining av Vågseidvatnet :

- Att det vert lagt ut ei 50 meter siltlense i anleggsperioden ved munningen av bekken som renn frå jordtippen og ned i Vågseidvatnet. Då vil finnstoff sedimentere lokalt og ikkje bli spreidd vidare utover i vatnet.
- Det vert anbefalt å ikkje nytta geoduk på innsida av vegfyllinga i søraust. Den vil fort gå seg tett. Legg heller finare massar på innsida av vegfyllinga med fraksjonar med storleik 0,7 – 1,5 mm.

Landbrukskontoret bed om at det vert ettersendt ein plan for drenering av det ferdig planerte jordbruksarealet inkludert fangdam for finnstoff frå jordtipp og seinare jordbruksareal i drift.

Vert heile eller delar av tippen liggande ubrukt over lengre tid er det eit avbøtande tiltak på avrenning å tilføra såfrø for å etablere eit grasdekke som bind jorda.

Det er viktig å understreka at det i utgangspunktet er grunneigar som sit med det heile og fulle ansvar for at det ikkje vert tilkøyrde ureine massar til jordtippen.

Nydyrkingsforskrifta

Det omsøkte arealet er i dag skogsmark. Planen er å omdanne arealet til fulldyrka jordbruksareal etter ein anleggsperiode med jordtipp. Formålet med denne forskrifta er å sikra at nydyrking skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilete. Det skal også leggjast vekt på å sikra driftsmessig gode løysningar.

Det omsøkte arealet har i stor grad vore tilplanta granskog som no er hogt. Difor er det eit særst begrensa biologisk mangfald på det omsøkte arealet. Tiltaket vil heva kvaliteten på landskapsbilete.

Saka har vore på høyring hjå Fylkesmannen og Fylkeskommunen v/ kultur- og idrettsavdelinga. Ingen merknader og Fylkeskommunen har difor ikkje avdekka kulturminner av noko spesiell verdi.

Konklusjon: Det vert gjeve løyve til det omsøkte bakkeplaneringsprosjektet på visse vilkår.

Vedtak :

Det vert gjeve løyve til det omsøkte bakkeplaneringsprosjektet på gbnr 103/2 i Lindås. Det vert sett følgjande vilkår for løyvet :

- Det kan tilførast inntil 100 000 m³ reine jord- og steinmassar. Området skal vera ferdig opparbeidd og isådd for grasproduksjon seinast sommaren 2026.
- Det skal utarbeidast ein plan for drenering og profilering av det fulldyrka arealet. Planen skal godkjennast av Landbrukskontoret i kommunen før det endelege planeringsarbeidet startar.
- Det skal etablerast ein fangdam for finstoff som kjem frå jordtippen. Vidare skal det leggjast ut siltlense i anleggsfasen i tråd med anbefalinga frå Rådgivende Biologer.
- Det skal etablerast eit system for mottakskontroll av dei tilkøyrde massane.
- Det skal settast opp låsbar bom inn til tippområdet. Bommen skal vera låst utanom ordinær arbeidstid og/eller når det ikkje er aktivitet på tippen.
- Kommunen kan utføre tilsyn for å sjå til at vilkåra vert fulgt. Dette gjeld særleg massekvaliteten og tiltaka for å hindra ureining. Dersom mistanke om at det er tilført forureina massar kan kommunen stille krav om naudsynt prøvetaking av jord- og vatn på eigars rekning.
- Når arbeidet er slutført skal kommunen varslast for sluttgodkjenning
- At søkjar har fått løyve om utvida bruk av avkøyrse frå Statens Vegvesen for jordtippaktiviteten.

Vedtaket er eit einskildvedtak og det er klagerett etter forvaltningslova. Det er 3 veker klagefrist.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Nils Markus Bakke

Fjellangersvingane 5955
147

LINDÅS